



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Per Albert Lund, 55 57 21 74

Vår dato
16.02.2005
Dykkar dato
16.12.2004

Vår referanse
2004/17501
Dykkar referanse
200402263/-IAA

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO


| Landbruks- og matdep. | |
|--------------------------|------------------------|
| Saksnr.: 2004 | Doknr.: 102263 - 27 |
| Mottatt: 17 FEB 2005 | |
| Saksbeh.: ASR/SUR/IAA | Ark.: 008 |
| Kopli: | Avskrf.: |

Høyring - ECON-RAPPORT 2004 -089.

Fylkeslandbruksstyret handsama denne saka i møte 10.2.2005 og slutta seg samrøystes til landbruksdirektøren si fråsegn.

Saksutgreiing og fråsegn ligg ved.

Med helsing


Per Albert Lund e.f.
rådgjevar

VEDLEGG

SAK V- 5/2005

FYLKESLANDBRUKSSTYRET 10.02.2005

Sakshandsamar: Per Albert Lund

HØYRING AV ECON-RAPPORT 2004-089

Vedlegg: Skriv 16.12.2004 frå Landbruks- og matdepartementet
Kopi av sammendrag og konklusjoner frå rapporten (Econ Analyse)

Innleiing:

Ved skriv av 16.12.2004 er fylkeslandbruksstyret invitert til å gjø uttale til denne rapporten. I skrivet heiter det m.a.:

"Som del av regjeringens arbeid med en helhetlig innovasjonspolitik og økt verdiskaping over hele landet, ønsker Landbruks- og matdepartementet (LMD) å legge bedre til rette for etablering og drift av tradisjonelle og alternative næringsveier med utgangspunkt i landbruksressursene generelt, og landbrukseiendom spesielt. Dette inngår i departementets arbeid med Landbruk Pluss, der bl.a. gjennomgang av juridiske virkemidler står sentralt.

ECON Analyse har på oppdrag fra Landbruks- og matdepartementet gjort en vurdering av LMDs lovgivning som et av flere tiltak i forbindelse med at departementet ønsker å forenkle sitt regelverk og gjøre tilpasninger for å øke innovasjon og næringsutvikling i bygdene generelt og landbruket spesielt."

Oppsummert konkluderer rapporten med at særlovgjevinga for landbruket i hovudsak verkar hemmande på nyskaping basert på landbruket sine ressursar. Innan saksfeltet eigedomspolitik/arealforvaltning tilrår rapporten ganske omfattande regelendringar. Bl.a. bør det opnast for deling av landbrukseiendom ved at bustaden kan omsettast separat. Ei fjerning av delingsforbodet vil kunne føre til fleire bruk men hovudtendensen vil vere ei forsterking av dagens bruksrasjonalisering. Nye aktørar bør få lettare tilgang til å kjøpe gardsbruk. Priskontrollen bør opphevast. For å betre tilgangen på kapital bør det opnast for andre eigarformer enn den personlege og for at andre enn eigaren kan oppfylle bu- og driveplikta. Elles bør buplikta begrensast til å gjelde landbrukseiendom som er etterspurde som bustad. Endeleg vert det gjort framlegg om at odelslova bør fjernast.

Rapporten vurderer også regelverk knytt til dyrevern, dyrehelse, mattryggleik og produksjons- og omsetningsregulering.

LANDBRUKSDIREKTØREN SI FRÅSEGN:

Landbruksdirektøren syner til at fylkeslandbruksstyret og fylkesmannen nyleg har hatt vesentlege lovendringsframlegg til handsaming på dette saksområdet. Dette gjeld lovarbeidet om ny konsesjonslov i 2002 og Odelslovutvalet si innstilling i 2004, samt endringane i

konsesjonslova og odelslova som vart gjennomført i 2001. Rapporten er utsendt like før jul og med svært knapp høyringsfrist (15. februar) sett i høve til dei viktige og samansette spørsmåla som er omtala.

Vurderingane i rapporten som er grunnlag for framlegga til endringar i regelverket byggjer i det vesentlege på intervju og det manglar i stor grad anna grunnlagsmateriale. Særleg må det vere relevant å sjå nærare på verknadene av de endringane som alt er gjennomførte på dette lovområdet..

Landbruksdirektøren finn det difor vanskeleg på grunnlag av denne rapporten å gå inn i mange av dei sentrale spørsmål som er reist, t.d. om prisvurderinga ved konsesjon, om eigarskap til landbrukseigedom og om endringar i bu- og driveplikta. Når det gjeld spørsmålet om fjerning av odelsretten, syner landbruksdirektøren også til si tilråding og fylkeslandbruksstyret si handsaming av dette spørsmålet nyleg.

Landbruksdirektøren vil likevel knytte nokre kommentarar til saka. For det første meiner landbruksdirektøren at den nye konsesjonslova, som er ei fullmaktslov, i stor grad alt tar høgde for endringane i politikken på dette området. Dette framgår også av retningslinjene til lova. På andre punkt vil det vere trong for nærare drøfting av eventuelle endringar: t.d. om ei generell opning for andre eigarskap enn den personlege, om oppheving av priskontrollen og om personleg bu- og driveplikt.

Når det gjeld oppheving eller liberalisering av delingsforbodet i jordlova ser landbruksdirektøren at det kan vere trong for ei ny gjennomgang av lova, som for øvrig vart revidert i 1995, med sikte på å gjere det lettare å få delingsløyve for tiltak innan næringsutvikling på bygdene. I denne samanheng kan det også fokuserast på reglane i plan- og bygningslova, der omgrepet "stadbunden næring" synest å verte tolka slik at det legg unødig band på utvikling av næringstiltak knytt til gardsbruka, slik det også er nemnt i rapporten.

Det er elles i rapporten lite drøfta faren for at bruka vert oppdelte, t.d. i samband med arveskifte. Det er i rapporten vist til at talet på avslag totalt er lite og at dette kan tyde på at lova har liten effekt. Men det må i ei slik samanheng også takast med i vurderinga den verknad lova har i form at folk innretter seg etter gjeldande reglar og let vere å søkje.

Landbruksdirektøren stiller seg likevel positiv til at det vert arbeidd vidare med føremål å tilpasse lovverket slik at det i større grad medverkar til nyskaping i landbruket og på bygdene generelt. Samstundes må nasjonale interesser som vern av ressursane og busettings- og distriktsomsyn verte ivaretekne. Slik høyringsrapporten no ligg føre, finn landbruksdirektøren likevel ikkje å kunne gå djupare inn i konklusjonane og framlegga til endringar. Landbruksdirektøren vil istaden oppmode departementet om å bruke rapporten som grunnlag for å framskaffe eit betre faktagrunnlag for nærare vurderingar av eventuelle endringsframlegg.

Avslutningsvis vil landbruksdirektøren uttrykke at han er kritisk til at ikkje endringar av dette regelverket skjer i samsvar med dei spelereglane som er vanlege ved viktige lovendringar. Til dømes meiner landbruksdirektøren at store endringar av jordlov, konsesjonslov og odelslov lyt skje ved offentlege utgreiingar og høyringar, og ikkje ved konsulentrapportar som ikkje er ein del av det vanlege demokratiske lovgjevingssystemet.

LANDBRUKSDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fylkeslandbruksstyret syner til landbruksdirektøren si fråsegn og sluttar seg i hovudsak til denne.